

**Fra:** Tom Kristian Thorsen (Tom.Kristian.Thorsen@modalen.kommune.no)

**Sendt:** 07.04.2017 14:45:29

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:**

**Emne:** Ref 2015/10633 Uttale Regional Transportplan

**Vedlegg:**

Ref 2015/10633

### **Uttale til Regional Transportplan**

Modalen kommune vil gi ein uttale til Regional transportplan Hordaland.

I høyringsbrevet er det peika på at Fylkeskommunen ønskjer i særleg grad innspel på mål, strategiar, overordna prioriteringar og tiltak.

### **Fylkesvegnettet i Hordaland**

#### **Målet er:**

«Hordaland skal ha eit trafikksikkert og framkomeleg fylkesvegnett. Vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett skal styrkast med mål om å stoppe veksten i forfallet.»

Det vert opplyst om at vedlikehaldsetterslepet og naudsynt oppgradering er berekna til 7,3 mrd kr.

I 2017 er midlane til drift og vedlikehald 500 mill kr, men behovet er 1.000 mill kr for å stoppe det årleg forfallet (sjå kap 4.1).

Målet om å stoppe veksten i forfallet er ei stor utfordring. Modalen kommune har fv569 frå Romarheim til Dale og fv345 frå Mo til Steinsland. Begge vegane lir av det manglande vedlikehaldet. Slaghol og slitasje på vegane gir dårlegare rammer for vekst og utvikling i kommunen. Tilstanden på fv345 er i dag til fare for trafikantane. Vegdekket har ein standard som er langt under det ein bør forvente av ein fylkesveg, og vegen blir forverra frå år til år.

Midlane til vedlikehald må difor aukast.

#### **Tiltak**

Modalen kommune ønsker å gjere merksam på ein del av fv569 frå Slottsport tunnelen til Mo. Her er det om lag 300 meter uoversiktleg veg der to bilar ikkje kan møtast. Å rygge 150 meter med fjellveggen på eine sida og fjorden på andre kan vere en belastning for mange. Spesielt eldre menneske opplever dette som eit hinder i kvardagen. Ein møteplass midt på strekket bør utgreiast.?

?

Med venleg helsing

Tom Kristian Thorsen  
ordfører